



SYNFARING STRYN OG HORNINDAL 06.06.2013 REFERAT

DELTAKARAR

Siss-May Edvardsen, NVE region Vest (SME)
John Anton Gladsø, Fylkesmannen miljøvernavdelinga (JAG)
Marte Kristin Rosnes, Fylkesmannen miljøvernavdelinga (MKR)
Eli Mundhjeld, Statens vegvesen Region vest (EM)
Merete Farstad, Sogn og Fjordane Fylkeskommune (MF)
Ellen Kirkeeide, Stryn kommune, landbrukssjef (EK)
Odd Rønningen, Stryn kommune, miljøvernleiar (OR)
Jan Træen, Stryn energi (JT)
Arve Haugen, Innvik Sellgren (AHa)
Torill Benæs, Innvik bygdeutviklingslag (TB)
Jorunn Hilde, Hilde sameige (JH)
Hogne Reme, grunneigar Hilde (HR)
Ståle Hatlelid, Hornindal kommune (SHa)
Jon Åge Torheim, medlem vassområdeutvalet (JT)
Anders Hjellbakk, Hornindal bondelag (AHj)
Inge Kjøs, grunneigar (IK)
Staffan Hjohlman, prosjektleiar Vassområde Nordfjord (SHj)

BILDER FRÅ SYNFARINGA

Bilder er lagt ut på vannportalen.no/nordfjord. Det er markert med **[Foto]** i teksten der det føreligg bilder.

ELVAR UTAFOR STORELVA I INNVIK

Kl 09 – 09.45. Frammøtte: OR, EK, SHj

Lyslo – Avløpsrøyrut i lita båthamn. **[Foto]** Ukjent om dette kjem frå ein bekk, som i tilfelle er lagt i røyr, eller avsig frå grunnen. Kloakkluft av vatnet som kjem ut. Grønske i hamna kan tyde på overgjødsling. Men Grisetang på muren innerst i hamna er eit godt teikn, dog noko tilgrodd. Grønske også utafør og innafor hamna kan tyde på diffus påverknad frå andre kjelder, uavhengig av avløpet i hamna.

Lita elv 150 m innafor Heggdalselva (ikkje definert vassførekomst i vann-nett.no). **[Foto]** Det har tidlegare vore observert lammehalar i denne elva. Synfart nederste delen frå like over vegen ned til sjøen. Ikkje lammehalar. Mykje mose i elva. Nedanfor vegen var der mykje forsøpling med plastfolie m.m. i elveløpet. Bål ute på stranda, restar av gjerdenetting, stålfat.

Heggdalselva. (Vassførekomst nr 087-39-R «Smælver i Innvik og Utvik»). God tilstand. Ikkje grønnske i elv eller i sjøen rundt utløpet.

HILDEELVA

(synfart Floelva ved kyrkja og ved samløp Remeelva og Meelva)

Kl 10. Frammøtte: SME, JAG, MKR, EM, MF, EK, OR, JT, AHa, TB, JH, HR, SHj

Fiskevandringshinder

Floelva ved kyrkja. **[Foto]** Terskel ovafor dammen kan utgjere eit vandringshinder for sjøaure. Før etablering av terskelen har ein fått bra med fisk i elva over terskelen. Det var den gang mykje småfisk å sjå i elva over terskelen. No er det sjelden å sjå fisk (AH, HR).

Tiltak 1: Fisketelling over og nedanfor terskelen. Prosjektleiar følger opp.

Tiltak 2: Fysisk endring av terskel (dersom fisketelling stadfester vandringshindring). Ansvar for tiltak: NVE.



Vassområde Nordfjord

Landbrukspåverknad / spredte avløp

Det er målt forhøga nivå av næringsstoff (Total-fosfor og Total-nitrogen) i dammen ved kyrkja og i Remeelva og Meelva. Dette deler av elva er ikkje påverka av sjøvattn ved flo. Det har tidlegare vore observert "lammehalar" i elva (teikn på organisk belastning).

Tiltak: skaffe oversikt over mulege kjelder (silo/rundballer, gjødsellager, spredte avløp). Tilsyn med gjødselspreiing og lagring av rundballer. Ansvar for tiltak: Stryn kommune.

Fysisk påverknad

AHa tok opp problem med masseavsetningar ved brua i Floelva. Eventuelt tiltak med fjerning av masse er ei sak for NVE å vurdere. Ansvar: NVE.

TB peika på mangelfull flaumsikring over brua ved kyrkja. Ikkje tema etter vassforskrifta.

TB peika på nedbygging av ei høle rett over riksvegen, i samband med etablering av ny bru. Det må vurderast nærare om dette er tema etter vassforskrifta. Ansvar for vurdering: Statens vegvesen.

STORELVA, INNVIK

(synfart JørnIvardammen og utløpet frå kraftverket ved Styrkhallen, samt forbygd del ved ullvarefabrikken.)

Frammøtte: SME, JAG, MKR, EM, MF, EK, OR, JT, TB, SHj

JørnIvardammen har alltid vore grense for anadrom fisk. [Foto] No går fisken også inn i utløpstunnellen frå kraftverket, der det er funne avmagra (utgytt) fisk 1 km inn i tunellen.

Tiltak: Vurdere ungfiskundersøking i heile vassdraget, inkl. vurderingar av avløpskanalen. Bør gjerast som eit pålegg til regulant.

Ansvar for tiltak: Fylkesmannen.

Forbygd strekning ved ullvarfabrikken. [Foto]

Tiltak: lage kulpar.

Ansvarleg for å utgreie tiltak: NVE.

Prosjektlear vil kontakte lokale kjentfolk for opplysning om eventuelle endringar i fiskførekomstar i Storelva.

BEKK GJENNOM PARK, INNVIK SENTRUM

Frammøtte: SME, JAG, MKR, EM, MF, EK, OR, JT, TB, SHj

Attgroing med algar og nedslamming [Foto]. Det har til tider vore observert farge på vatnet. Bekken renn fram under ei fylling med trevirke, eit par hundre meter lenger opp [Foto].

Tiltak 1: Overvåking

Ansvar: Vassområdet v/prosjektlear

Tiltak 2: Undersøke fyllinga nærare: Ansvarleg for fyllinga, innhald i fyllinga, vurdere fjerning.

Ansvar: Stryn kommune.

KVERNUSGROVA, STRYN

Frammøtte: SME, JAG, MKR, EM, MF, OR, SHj [Foto]

LFI Uni Miljø har vurdert kulvert under RV15 i høve fiskevandring, og tilrår å iverksette tiltak med heving av elvebotn ved innløp, struktur på botnen av kulvert og rensking av rist (<http://www.miljo.uni.no/wp-content/uploads/2013/03/Bekker-sogn-og-Fjordane-2012-II.pdf>).

Kvernhusgrova hadde liten vassføring, er kantsett med mur og hellelagt botn og vart under synfaringa vurdert som i liten grad eigna til gyting og oppvekst av fisk. Denne oppfatninga er støtta av Stryn elveeigarlag. Eventuell produksjon av fisk i bekken utgjer lite til produksjonen i Strynevassdraget, og då kulverten ikkje utgjer noko vandringshinder vart det vurdert at tiltak ikkje var nødvendig.



Vassområde Nordfjord

KJØSAPOLLEN, HORNINDAL

Frammøtte: SME, JAG, MKR, EM, MF, SHa, JT, IK, SHj [Foto]

Kjøsapollen vart delvis avskoren frå Hornindalsvatnet av vegfylling og bru anlagt i 60-åra. Etter at fyllinga kom har grunneigarane rapportert om ulemper med tilgroing av strender, organisk materiale som festar seg til fiskegarn, misfaging av vatnet, sein isløysing (i 2013 16. mai). Grunneigarane meiner dette skuldast redusert gjennomstrauming, særleg botnvatnet, og at bølgjene frå Hornindalsvatnet ikkje når inn i pollen lenger. Etter ein episode med flaum i elva Kvithella i 2011, var vatnet i Kjøsapollen brunfarga i lang tid (månader).

Analyseresultat av vatnet i Kjøsapollen viser normale verdier av Totalfosfor og Totalnitrogen.

Vegvesenet opplyser at vurderingar og eventuelle tiltak er sett på vent i påvente av avklaring om framtidig vegtrasé for E39 med tilkomst..

Fiskeforekomstar er undersøkt i Hornindalsvatnet og Sindreelva i 1980- 90 åra, og botndyrer undersøkt i Sindreelva i 2007.

Tiltak 1: Vassområdet tar prøver 4 ganger i 2013 for kjemisk analyse.

Tiltak 2: Vurdere kartlegging av straummønster i Kjøsapollen. Ansvar: Statens vegvesen.

STORELVA, HORNINDAL

Frammøtte: SME, JAG, MKR, EM, MF, SHa, JT, AH, SHj

Synfart tilrettelagt uteplass nedanfor skulen [Foto], forbygging ved idrettsbane, mur ved SFE sin sekundærstasjon på Fannemel, dam ved Tomasgard / planar om nytt kraftverk [Foto].

Idrettsbana – forbygging [Foto]

Fylkesmannen og NVE må vurdere om forbygginga utgjer ein påverknad av økologien i elva, og om det er aktuelt med tiltak.

Hornindal bondelag v/ Anders Hjøllbakk viste til storgrad av masseavsetningar i Storelva. Dette fører til at elva blir breiare og eroderar på strendene. Dersom avsetningane er resultat av redusert vassføring pga fråføring av vatn til Tussa, meiner dei det er naturleg at regulanten har oppgåver med vedlikehald og fjerning av masser.

Fylkesmannen og NVE må vurdere om dette er relevant for vassforskrifta.

Tiltak: Vurdere pålegg på regulant. Ansvar: NVE

Sagelva (Storelva sitt løp sør for Sagøyna ved Fannemel) [Foto]

Utfylling / fundament til kraftlinjestolpar styrer vatnet inn mot hovedløpet, nord for Sagøyna, i større grad enn før. Dette skal ha ført til vesentleg mindre vatn i Sagelva. Tomasgard grunneigarlag har vore i kontakt med regulant, seinast ved e-post til SFE våren 2013 med kopi til Hornindal kommune. Dei ventar på svar frå SFE.

19.06.2013

Staffan Hjøhlman

Ref.